

Sak til Samarbeidsrådet

Går til: Medlemmane i utvalet
Dato: 15.09.20
Sakshandsamar: SSE
Saka gjeld: Toppleiarmøtet 2021
Saksnummer: xx/20

Om saka

Kommunane i Voss lokalsjukehusområde har teke på seg å vera arrangør for Toppleiarmøtet januar 2021.

Dato for møtet er sett til 28.januar 2021.

Det vert planlagt for at Toppleiarmøtet 2021 vert arrangert som eit fysisk møte. Det kan bli aktuelt med redusert deltaking samanlikna med tidlegare år, men arrangøren vil prøva og leggja til rette for streaming av innlegga til dei som eventuelt ikkje får moglegheit til å møta fysisk.

Kommunane i Voss lokalsjukehusområde er arrangør og Administrativt kontaktmøte inkludert brukarrepresentant er programkomite. I løpet av hausten vert programmet og påmeldinga sendt ut. Inntil programmet og påmeldinga er klar ber me om at sjukehusleiinga, ordførarar, rådmenn og medlemmer i samarbeidsutvala held av dagen i sine kalendarar.